



Jobben er gjort og så er det berre å sjå fram mot ei ny jul. Knut Stensletten og Lars Myklebust likar julegran-oppdraget, som er med og profilerar Uskedalen.. (Foto: Ola Matti Mathisen).

No er det definitivt slutt på jula i Uskedalen. Laurdag føremiddag gjorde Knut Stensletten og Lars Myklebust vår alles kjære julegran om til ei vanleg gran att. Og då mørket kom, kom også julebukkane.

Knut og Lars har lang erfaring når det gjeld å rigge ned att 70 25 watts pærer, topplyset på 100 watt og ein sikringsboks.

Alt gjekk smertefritt og raskt føre seg, men så var det da heller ingen vind denne dagen.



Knut er i arbeid like under toppen på grana, men det er ikkje så lett å sjå han.....(Foto: Ola Matti Mathisen)

Då var det langt verre å få opp julestasen denne gongen. Knut, Lars og Ståle (Eik) skulle egentleg ha den på plass ein laurdag, men fekk den ikkje opp før onsdagen etter og då var det berre to dagar att til tenninga.

Og slik har det halde fram. Vergudane har ikkje vore snille med gulegrana i Uskedalen denne gongen heller.

- Det var storm omtrent kvar dag og på dei første to vekene rauk omtrent 150 av dei tilsaman 200 pærene som har bukka under denne jula, fortel Knut mens han gjer seg klar til ny klatre-øving i den 23 meter høge grana.

Også i samband med jula i 2005 skifta dei ut rundt 200 pærer.

Det er eit imponerende og praktisk system juletrekarane har funne fram til, bygt på lang erfaring. Prinsippet er at det heng 10 lys i kvar av sju lenkjer. Både sikringsboks og topplyos er solide konstruksjonar som står for ein støyt.

Medan Lars er solid bakkemannskap, er Knut nesten like kvikk som eit ekorn der han boltrar seg tett oppunder toppen.

Begge er sikre på at dei gjer noko viktig for lokalsamfunnet og viser til "Aksjon julegran" som framleis er i gang. Akkurat no er det inne 32.000 kroner på kontoen og i tillegg har Kvinnherad Elektro sponsa 120 pærer årleg i dei nærmaste fem åra.

- Folk vil at det skal vera lys på grana og er viljuge til å betala for det. Det var ikkje fårleg å driva lagsarbeid viss folk var like engasjerte i andre prosjekt, seier Lars.

Han og Knut har nyleg brukt 5.000 til opprusting av utstyret. No kan dei halda fram med juletreprosjektet i mange år utan at dei treng å gå ein ny tiggargang. Sist det var ein slik aksjon, kom det inn 22.000 kroner og pengane vara den gongen i 17 år før kassa var tom.

Grana er framleis i godt slag – det syner ikkje minst dei mange konglane.

Men før eller seinare må Knut og Lars og dei andre eldsjelane tenke på "rekrutteringa". Kanskje bør det plantast ei ny gran snart og kanskje bør den stå ein litt annen stad i området enn den noverande?

Kven tek seg av den oppgåva?

Av Ola Matti Mathisen



Og så kom julebukkane. Denne sjarmerande kvartetten møtte uskedalen.no på Neset. (Foto: Ola Matti Mathisen)